

SYN OG SEGN KÅRA TIL ÅRETS TIDSSKRIFT! NYTT NUMMER I SAL NO!

Bli abonnent no og få den kritikaroste 2009-årgangen på kjøpet! Du kan bestille abonnement på www.synogsegn.no eller ringe 22 70 78 00.



KLASSEKAMPEN

Venstresidas
dagsavis

Nettutgaven, mandag 27. september, 2010

Frå ånd til materie

I Klassekampen laurdag 18. september trykka vi eit essay av Jon Hellesnes under tittelen «Frå ånd til materie». Ved ein feil fall siste sida av teksten bort under ein illustrasjon. Heile teksten kan lesast her.

Jon Hellesnes

LØRDAG 25. SEPTEMBER, 2010

Mens postmodernismen framleis var på moten, «avslørte» kulturforskarane at naturvitskap berre handlar om sosiale konstruksjonar. Perspektivet i dag er omsnudd. Ei form for naturalisme ser ut til å avløyse postmodernismen som åndsmote og bakgrunnsideologi. På den eine sida representerer den ei prisverdig intellektuell fornøying. På den andre sida ber den i seg eit potensial for fornuftsfiendskap, like ille som postmodernismen.

Da postmodernismen var ein dominerande åndsmote, fekk folk seg til å kome med påstandar som knapt nokon vedkjenner seg i dag. Det skjedde både i Europa og USA. Eg minner om nokre standardfraser frå den gongen: Vitskap er eitt av mange system av truer («belief-systems»). Fakta blir «fabrikkerte» i laboratorieverda, ikkje «oppdaga». Språkleg meining dekonstruerer seg sjølv. Kommunikasjon er berre eit illusorisk spel av tolkingar. Alt strev etter konsistens og sanning er strev etter makt. All argumentasjon er symbolsk vald. Det går ikkje særleg bra å snakke slik i dag. Postmodernismen er ein åndsmote frå i går. Rett nok har postmodernisme og sosialkonstruktivisme framleis tilhengjarar i ymse subkulturar i USA og Norden, men stordomstida er definitivt over.

Mens postmodernistar kunne hevde at for eksempel Crick og Watson ikkje oppdaga dobbel-helix-strukturen til DNA-molekylet tidleg i 1950-åra, men at dei fann den opp, er det i dag evolusjonspsykologar, kognisjonsgranskarar, biologar og naturvitskapleg orienterte filosofar som «avslører» kulturforskarane.

I 1990 utga Harvard University Press «The rhetoric of science», forfatta av Alan G. Gross. Gjennom 1990-åra hadde den status som eit viktig verk om argumentasjonen i vitskapssamfunnet. Eg skal først presentere nokre hovudpunkt frå denne boka, og eg kjem med hard kritikk. For det andre skal eg gjere nærmare greie for kva type kritikk dette er. For det tredje skal eg syne at kritikk av denne typen også råkar reduktiv fysikalisme, og den sistnemnde læra er den mest ekstreme teoritypen innafor den nye, naturalistiske åndsmoten.

Tesen min kan eg gjerne setje på spissen, og då slik: Det finst både mjuk og hard fornuftsfiendskap, og all fornuftsfiendskap verkar øydeleggjande både på naturvitskap og på kultur- og samfunnsvitskap. Dessutan øydelegg den tiltrua til drøftande samtale i kvardagsliv og politikk. Å gå frå postmodernisme til reduktiv fysikalisme er å gå frå Skylla til Karybdis, frå mjuk fornuftsfiendskap til hard.

Ei kjend bok innanfor «science studies» er «The Golem» (1993) av Harry Collins og Trevor Pinch. Men det paradigmatiske verket er forfatta av Bruno Latour og Steve Woolgar: «Laboratory life. The construction of scientific facts» (1986). Gjennom studier som dette skjedde det ei «frigjering» frå ideen om at vitskaplege teoriar handlar om realiteten. Påstanden blei i staden at det som tel som fysisk eller biologisk realitet, er avhengig av korleis vitskapssamfunnet nærmare bestemt er. Tilfeldiggitte sosiale ordningar skaper eller produserer sjølve dei fenomenene vitskapen granskar. Vitskapen konstruerer, men oppdagar ikkje.

Fysikarar, kjemikarar, biologar og andre vitskapsfolk trur at dei granskar noko anna enn sine eigne konstruksjonar, og at dei finn ut korleis saker og ting verkeleg forhold seg. Dei går ut frå at dei oppdagar noko reelt, og at dei er i stand til å korrigere feil i tidlegare aksepterte teoriar. Dei er realistar i den filosofiske tydinga at dei trur at det finst ein realitet, og at den eksisterer uavhengig av kva som til ei kvar tid er den rådande teorien. Dei reknar med at falsifiseringa av hypotesar skjer i høve til realiteten. Dersom ideen om ein fysisk eller biologisk realitet gjekk fullstendig i oppløysing, ville det kunne ha konsekvensar for den vitskaplege aktiviteten. Det er iallfall lite sannsynleg at verknaden ville vere lik null, og det er meningsfullt å spørje: Ville for eksempel astrofysikarane greie å halde fram med arbeidet sitt dersom dei fekk same trua som visse vitskapsososiologar, nemleg at slikt som supernova, gravitasjon og svarte hol berre er sosiale konstruksjonar utan objektiv referanse? Ville genetikarane kunne halde fram dersom dei blei overtydde om at DNA-molekylet og den genetiske koden berre er fiksjonar?

Alan G. Gross gav i 1990 ut «The rhetoric of science», ei bok innafor «science studies» som kom ut på eit velrenomert, vitskapleg forlag i USA. Her går han langt i retning av å meine det same. Også han ser realisme som ein føresetnad for vitskapskulturen. Vitskapsfolka har den ideen at dei entitetane dei studerer - for eksempel atoma - eksisterer uavhengig av kva folk trur. Og var dei ikkje overtydde om dette, ville dei tape motivasjonen sin. Han framstiller realisme som «det psykologiske ankeret som gjer eit liv i vitskapen meningsfullt» (Gross, 1996: 200). Realisme må vere på plass i vitskapskulturen for at naturvitskapleg aktivitet skal vere muleg. Der er Gross på linje med mange. Det kontroversielle ligg derimot i synet hans på kva erkjennelsesfilosofiske status denne ideen har. Han degraderer den nemleg til ein illusjon, rett nok til ein kulturelt nødvendig illusjon.

Dei som elles driv kulturanalyse av vitskapssamfunnet, konsentrerer seg om det sosiale livet i laboratoria, autoritetsforholda og særdraga til den vitskaplege praksisen slik Bruno Latour og Steve Woolgar har gjort (1986). Gross skil seg ut ved å fokusere på språkbruken i vitskapssamfunnet. Han analyserer blant anna det han kallar

«realismens retorikk» Han framstiller realismen som ein viktig ingrediens i ein meir omfattande retorisk praksis som dreiar seg om å overtale seg sjølv og andre om at naturen har den strukturen som naturvitenskaplege teoriar «påviser», om for eksempel at DNA-molekylet inneheld ein genetisk kode som verkar determinerande for oppbyggnaden av cellene i ein organisme. Han meiner seg å kunne avsløre det sjølvbedraget som ligg i vitenskapsfolks eiga tru på at dei oppdagar reelle forhold.

Gross analyserer dei retoriske teknikkane dei bruker for å få andre til å tru på «resultata» sine. Siktemålet til denne retorikken er å halde ved lag den autoriteten naturvitenskapen har fått og å reproducere den frå generasjon til generasjon. Ideen om at naturvitenskapen er rasjonell i ein mønstergyldig forstand er for han ein ingrediens i overtalingskunsten. For å unngå mistanke om at eg overdriv i framstillinga av posisjonen hans, lar eg følgjande sitat stå utan omsetjing: «The objectivity of scientific prose is a carefully crafted rhetoric invention, a non-rational appeal to the authority of reason» (1996: 15). Eller på norsk: «objektiviteten i vitenskapelig prosa er ein møysommeleg konstruert oppfinning, ein ikkje-rasjonell appell til fornufts autoritet» Gross seier òg at det frå ein retorisk synsstad er rimeleg å beskrive vitenskaplege oppdagingar som oppfinningar, og at «oppdaging» er ein skjult metafor som hentar overtalingskrafta si frå den tilsynelatande realiteten til det som blir oppdaga. Termen «oppfinning» gjer derimot merksam på det historisk kontingente og det radikalt ustabile ved alt vitenskapane handlar om.

Rett nok seier Gross også at det finst såkalla rå fakta - «brute facts of nature». Men det er berre gjennom overtaling («persuasion») dei blir tolka og tilrettelagde som meningsfulle og viktige. Referansen til naturen viser at Gross går med på at naturvitenskapen handlar om noko. Den einsidige fokuseringa på den overtalende retorikken gjer likevel at relasjonen til naturen glir ut av synsfeltet. Alt som ser ut som etablert vitenskapleg kunnskap, er i hans framstilling berre resultat av ein høgst effektiv overtalingskunst.

Men dersom ein seier at all vitenskapleg argumentasjon berre er forførande overtaling, så inkluderer dette påstanden om at det forhold seg slik. Også den er berre ein del av forførande kunsten. Reduksjonen av vitenskapleg argumentasjon til retorisk overtaling undergrev, med andre ord, posisjonen til retorikk-teoretikaren sjølv. Alt retorikk-teoretikaren seier, er då - ut frå føresetnadene i hans eigen analyse - berre overtaling. Det inneber inga rasjonell overtiding om korleis noko reelt forhold seg, for slikt finst ikkje. Straks vi innser at denne sjølvavsløringa ligg i den aktuelle retorikk-teorien, løyser overtalingsmakta til retorikk-teoretikaren seg opp.

Kor vidt Gross har vore i villreie om kva han egentleg ville fram til, veit eg ikkje, neppe andre heller. Men det er opplagt at boka hans lir av ei form for intellektuell blindskap som inneber at ein blendar ute det nivået der ein sjølv teoretiserer i første person. Då ser ein ikkje kva ein sjølv må føresetje og kva ein må unngå for å kunne påstå noko meningsfullt. Ein ser for eksempel ikkje at det å påstå at all argumentasjon er symbolsk vald, er å skulde ein kvar rasjonell opponent for å vere valdsmann. Det er, med andre ord, ein hersketeknikk, ikkje opplegg til avklaring. Heller ikkje ser ein at det ein påstår om studieobjekta sine kan slå tilbake på det teoretiserande subjektet sjølv. Når eg skriv eller snakkar om dette emnet på tysk brukar eg ordet «Reflexionsvergessenheit». Det norske ordet «refleksjonsgløymske» verkar nok for kunstig. Men det står for det å gløymske refleksjonen over forholdet mellom førstepersons- og tredjepersonsperspektivet.

Den utegløyminga eg refererer til, inneber at ein teoretikar i si eiga teoretisering kan kome i skade for å diskvalifisere noko som han sjølv treng i førstepersonsperspektivet for å kunne argumentere overfor fagfeller og andre. Prinsippet om sjølvinnhentning går ut på at ein teori om menneskeleg rasjonalitet og kommunikasjon ikkje kan bortforklare eller kome i konflikt med vilkåra som gjer teorien sjølv muleg.

Det mest opplagde brotet med sjølvinnhentingsprinsippet ligg føre dersom ein teoretisk påstand klart og tydeleg ber fram ein pragmatisk sjølvmotseiing. I ein pragmatisk sjølvmotseiing går motsetnaden mellom det semantiske innhaldet i påstanden og det påstanden føreset for å kunne verke som ei kommunikativ handling. Ei slik sjølvmotseiing har vi i følgjande eksempel: «Det finst ingen sanne påstandar. Sanningar er illusjonar vi har gløymt er det.» Motsetnaden går mellom innhaldet i setninga og det pragmatiske faktum at setninga blir hevda og dermed framstilt som ein sann påstand. Påstandsinhaldet impliserer at det er å påstå noko som stemmer. Den aktuelle ytringa havarerer. Vi kan finne ein slik teori innanfor den no moterette naturalismen. I så måte finst det minst ein fysikalistisk teori som er like sjølvfalsifiserande som dei mest ekstreme variantane av postmodernisme.

Dei mest kjende representantane for reduktiv fysikalisme er granskarparet Patricia og Paul Churchland. Dei mest dristige skriftene deira kom i løpet av 1980-åra, men dei har fått nye, oppglødde lesarar i det siste. Termen «eliminativ materialisme» er meir vanleg enn «reduktiv fysikalisme», men begge refererer til same sak. Denne saka set eg på spissen for å få fram prinsipielle poeng. Den reduktive fysikalismen går ut på at all tankeaktivitet, til liks med alle andre mentale fenomen, berre er sideverknader av prosessar i hjernen, det vil seie. naturhendingar, ingenting anna. Det spesielle ved den reduktive fysikalismen er ikkje oppfatninga om at tankar og kjensler blir til ved nevronale prosessar. Det kan vi godta, for eksempel ved at vi legg til grunn gryande materialisme (Sperry) eller ikkje-reduserande fysikalisme (Davidson). Det spesielle ved posisjonen ligg derimot i reduksjonismen. I staden for å snakke om tenking, kjensle og viljesavgjerd treng vi ifølgje den reduktive fysikalismen eit vokabular som einast refererer til nevronale prosessar, og som eignar seg i forklaringar av fenomen som ikkje-opplyste lekfolk gjer greie for i termar av tenking, kjensle, viljesavgjerd, intensjon og liknande. Ut frå reduktiv fysikalisme er ei viljesavgjerd ingenting anna enn ei elektrokjemisk hending.

Det langsiktige håpet innanfor denne skuleretninga er at det ein dag vil finnast ein nevrovitenskap (av eit slag som er ukjent i dag) som er i stand til å forklare og å forutsei alle typar menneskeleg aktivitet, inkludert det som går for å vere tenking og rasjonell handling. Dermed har dei reduktive fysikalistane avskaffa sin eigen sjanse til å gi eit rasjonelt forsvar for sin eigen posisjon. Dei kan ikkje lenger hevde at det finst gode, rasjonelle grunnar for å vere reduktiv fysikalist, for omgrepet om rasjonell grunn eller om tilstrekkeleg evidens høyrer til same vokabular som termar av følgjande slag: argument, kunnskap, innsikt, fornuft og liknande. Det er eit vokabular som dei kallar førvitenskapleg. På lengre sikt er målet å eliminere det. Det er blant anna dette som ligg i termen eliminativ materialisme. Reduktiv fysikalisme utgjer eit tydeleg eksempel på kva det betyr å bryte sjølvinnhentingsprinsippet i Apels tyding.

Reduktiv fysikalisme er eit produkt av scientisme, ikkje av vitenskap. «Scientisme» er ein (polemisk) term som opphavleg blei brukt innanfor den fenomenologiske rørsle. Den retta seg mot ei kritiklaus dyrking av naturvitenskap som førde med seg ei omtolking av kva naturvitenskap er, og av kva den kan yte. I vitenskapsfilosofien gjeld det blant anna å forsvare naturvitenskap mot scientismen. Scientisme er eit framhald av metafysikken med andre middel. Kritikken min ovanfor rettar seg ikkje mot nevrovitenskap, berre mot den scientistiske måten å bruke den på. Somme ser eit paradoks i dette: Den reduktive fysikalismen har scientismen, altså dyrkinga av naturvitenskap, som kulturell bakgrunn, men slår om i undergraving av naturvitenskap.

Naturvitenskaplege forklaringar har sin styrke blant anna fordi dei er baserte på ei rad eksperiment, teoretiske føresetnader, rasjonelle argument og kritisk diskusjon blant kompetente fagfolk. Ingen av desse faktorane lar seg redusere til eit fysikalisk nivå. Nevrovitarar, og naturvitarar generelt, gjennomfører kompetente vurderingar av kva

som kan telje som bevis for eller imot ein aktuell hypotese. Dei arbeider og kommuniserer innanfor kulturelle og institusjonelle rammer. At dei forstår kvarandre, betyr at dei forstår slikt som intensjon, meining, målsetjing og rasjonell grunn (til skilnad frå årsak). Gjennom kommunikasjonen skjer det ei avklaring av hypotesar og eksperimentelt design med meir. Naturvitarar er autonome og rasjonelle menneske som danner eit kommunikasjonsfellesskap.

Charles Sanders Peirce (1839-1914) er ein pioner i vitenskapsfilosofien. Ein grunntanke hos han var at eit ope forskarfellesskap var ein nødvendig føresetnad for vitenskapleg rasjonalitet. Ifølgje han må alle pretensjonar om å vite noko vere offentleg eller intersubjektivt tilgjengelege slik at det er muleg for andre å ta grunnleggjande stilling til kor vidt dei er innfridde eller ikkje. Drøftinga må vere fri og utan autoritetspress av noko slag. Dette er «a way of fixing belief» som er meir tilforlateleg enn den som er basert på private innsikter og personleg autoritet. Det Peirce er for, finn han alt eksemplifisert i vanleg naturvitenskapleg verksemd. I framstillinga hans er ikkje vitenskap først og fremst etablert kunnskap («a body of knowledge»), men eit sosialt fenomen, ein pågåande aktivitet innanfor eit fellesskap av likestilte - «a community of investigators». Det er der dei hypotetiske påstandane eventuelt viser berekrafta si ved at dei toler sterke gjendringsforsøk. Der må vere symmetri mellom medlemmene av granskarfellesskapet. All annan autoritet enn den som ligg i kvaliteten til argumenta, må vere nøytralisert.

Det er eit essensielt særdrag ved scientismen at den nektar eller bortforklarer både den sosiale interaksjonen og alt anna ved forskingsprosessen som inneber kommunikasjon, meining og intersubjektivitet. Men å degradere gjensidig forståing og rasjonell vurdering i «the community of investigators» til (kausalt produserte) naturhendingar, er å gå til åtak på den form for rasjonell aktivitet som naturvitenskapen utgjør. Den reduktive fysikalismen gjer nettopp dette. Dermed representerer den i praksis ein sterk fiendskap mot fornuft og rasjonell diskurs. I så måte er den like fordummande som den mjuke postmodernismen.



Nettutgaven gir deg et lite utvalg fra dagens avis. For å lese hele avisen kan du [abonnere](#).
© Klassekampen AS | Ansv. red: [Bjørghulv Braanen](#) | Daglig leder: [Marga van der Wal](#)

Sentralbord: 22 05 95 00 | Besøk: Grønland 4, Oslo | Post: Boks 9257 Grønland, 0134 OSLO
E-post: klassekampen@klassekampen.no
Alt innhold er opphavsrettslig beskyttet © Klassekampen

Generelle vilkår for rettigheter til stoff som leveres til Klassekampen for publisering finner du [her](#).

Powered by **eonBIT**